



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Høyring av Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel

Vi viser til melding frå Miljøverndepartementet av 03.09.2013 om høyring av forslag til *Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel*.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser positivt på dei endringane og presiseringane som er gjort i forhold til gjeldande *Rikspolitiskbestemmelse for kjøpesentre*. Utkastet til nye statlege planbestemmelser vil kunne vere med å legge viktige føringar for å styrke eksisterande by- og tettstadsenter, medverke til samfunnsøkonomisk effektiv arealbruk og legge til rette for miljø- og helsefremmande transportval.

Nokre punkt i forslaget har likevel behov for ei vidare utdjuping og klargjering. Dette omfattar m.a. spørsmål knytt til skiljet mellom ulike typar varehandel, jf §3 – og spørsmål knytt til Fylkesmannen si vurdering av søknad om samtykke, jf. §4.

Til § 3 fjerde ledd:

Denne føresegna inneheld slik vi ser det ei uttømmende liste over handelsverksemdar der forbodet ikkje gjeld, dersom desse vert lokalisert i tilknytning til sentrum eller etablerte område for handel som ikkje ligg i tilknytning til sentrum. Her blir nemnd mellom anna handelsverksemdar der den dominerande delen av vareutvalet er trelast og større byggevarer, samt utsal frå hagesenter. Det er naturleg å samanlikne desse handelsverksemdene med andre handelsverksemdar som synest like plasskrevjande som til dømes møbelsal. Møblar synest å vere like plasskrevjande både i form av arealbehov og storleik på sjølve varene som til dømes byggevarer og særleg hagesenter, som også til dels driv med møbelsal (hagemøblar) samt utstrekt sal av mindre detaljvarer.

Til § 4 andre ledd:

Det blir i føresegna lagt opp til at dersom ei konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova viser at tiltaket er i samsvar med formålet i § 1 kan det givast samtykke til å fråvike føresegna. Det blir sett spørsmålsteikn ved om denne er meint berre for dei tilfella der KU-forskrifta krev at det konkrete tiltaket blir konsekvensutgreidd eller om dette vil gjelde for alle tiltak der tiltakshavar legg fram ei konsekvensutgreiing.

Når det gjeld innhaldet i andre ledd synes denne å vere ei utdjuping av første ledd av *kva* ein kan vektlegge i den konkrete vurderinga, utan at den legg til noko nytt. Det går allereie fram av første ledd at Fylkesmannen kan gi samtykke dersom ein etter ei konkret vurdering kjem

til at dette er i samsvar med formålet i § 1. Det blir derfor sett spørsmålsteikn ved om andre ledd er nødvendig som del av føresegna, eller om den gjer betre nytte i utfyllande kommentar til føresegna.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass. Fylkesmann

Sveinung Dimmen
Samordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:

Statens Vegvesen Region-Midt	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Møre og romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE